



Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

Arkiv nr: 434

Sak nr 12/2022

Møtedato: 16.06.2022 Møtestad: Slidre

Saksbehandlar: Kenneth Monsen

LANDING MED FLY PÅ STORFJORDEN

Dette var eit tema i møtet i November 2021. Det vart i sak 43/2021 fatta følgjande vedtak som angår fly på Storfjorden:

10. Fjellstyret nyttar grunneierretten, jfr Fjelloven § 12, 3. ledd til å stenge for start og landing med luftfartøy i Storfjorden. Fjellstyret ber kommunen om å endre lokal forskrift. I midlertid er fjellstyret positiv til å drøfte enkelt-tilfelle av fly-landing gjennom vanleg dispensasjonsbehandling ved reelle behov tilknytta lokal næringsutøving.

var eit

I ettertid er det komme inn brev frå 6 flyklubbar, der dei ber om at ein endrer dette vedtaket som i praksis nekta landing med fly på Storfjorden. Det er også komme merknader på argumenta administrasjonen har nytta, m.a. det at det kan vere eit «flystemne» der og at det er eit ikkje avgrensa tal på fly som kan lande.

Denne saka er drøfta i eit fjellstyremøte, og administrasjonen er bede om å komme med ei ny sak der alle nye momenta vert drøfta. Dette er bakgrunnen for at saka no kjem opp att til ny behandling.

Dei argumenta som er nytta i forhold til avgrensing av talet på fly er feil, jfr regelverk knytt opp i mot Forskrift om konsesjon for landingsplasser (BSL E 1-1), som tillater følgjande:

seks flyturer pr. uke (dvs. 12 bevegelser) til naturlige landingsplasser uten konsesjon

Det inneber at det er lovfesta krav om maks antall flybevegelser på Storfjorden, og at det heller ikkje er anledning til flystemne slik skissert i opprinnelige saksframlegg. I midlertid har administrasjonen vore i kontakt med Luftfartstilsynet, og etterspurt kva kontrollrutinar som finst rundt dette. Svaret derfrå er følgjande:
Kontroll av antallet flybevegelser er ikke regulert i loven eller forskriften. Som utgangspunkt kreves det imidlertid tillatelse fra grunneier for å bruke et område som landingsplass, og da tenker vi at det er naturlig at det er grunneier som må sikre at aktiviteten på eiendommen hans er i tråd med gjeldende regelverk.

Dette vart fulgt opp med ynskje om meir avklaring, med følgjande tilleggssvar frå Luftfartstilsynet:

I de fleste tilfeller vil følgelig en operatør måtte innhente tillatelse fra grunneier for å kunne benytte et område som landingsplass, og i disse tilfellene vil grunneier ha en viss oversikt over antallet flybevegelser.

Luftfartstilsynet ser imidlertid at det skaper store praktiske utfordringer å holde oversikt i en sak som den foreliggende, særleg på grunn av at statsallmenningen er stor i utstrekning. Det blir dermed vanskelig å holde oversikt over all aktivitet i området. Dette er trolig en generell problemstilling for statsallmenninger.

Luftfartstilsynet har ingen forventning om at fjellstyret eller grunneier skal kunne holde full oversikt over landinger som foretas på statsallmenningen. Fjellstyret står likevel fritt til å innføre slike kontrolltak som dere finner hensiktsmessig.

Forholdet til andre aktivitetar på Storfjorden:

Opphavleg var det tenkt at koblinga til småfly landing samsvarer ikkje godt med tanke på at størstedelen av dei 1500 fiskekort (omsetning kr 450 000,-) vi sel vert nytta i Storfjorden, og derfor fastheld administrasjonen at i hvert fall for sumarsesongen bør det ikkje vere småfly-landing her. Om ein skal tillate dette vinterstid – då det ikkje er eit potensielt problem for fiske, må og sjåast opp i mot anna motorisert ferdsel.

Eit anna moment i saka er om det er andre nærliggande vatn som kan nyttas i staden for Storfjorden. Vedlagt kart (merka med mørk blå farge) viser vatn det er kommunal godkjenning for landing gjennom lokal motorferdsel-forskrift:

I praksis er dette følgjande vatn:

Vang: Vangsmjøsa, Otrøvatnet, Tyin, Bygdin, Øyangen (del i Vang)


Vestre Slidre: Slidrefjorden, Øyangen (del i VS) (i tillegg til Storfjorden)

Øystre Slidre: Øyangen (del i ØS)

Nord Aurdal: Strandefjorden, Tisleifjorden (del i NAK)


Etnedal: -

Sør-Aurdal: -



Etter drøftingsmøte i april, er administrasjonen kontakta av fleire representantar for flyklubbar. Administrasjonen har lagt fram synet på stort lokalt fiskekortsal, noko det er fremja ein viss forståing for.

Til illustrasjon ynskjer administrasjonen å syne forskjellen i fiskekortsal målt i omsetning i kroner på dei stader ein har ein viss oversikt over dette:



Sjølv om fiskekort-salet er rekna for heile statsallmenninga, er det Storfjorden som er den mest attraktive staden å fiske, særskilt med båt. Største delen av selde fiskekort vert derfor nyttा her i Storfjorden, og andre vatn med kjente omsetningstal er langt under det for Storfjorden. Dette underbygger hovedsynet på kvifor det er ueheldig med slik flyaktivitet sommarstid.

Saker om avgrensing i motorferdsel skal høyrast med Statskog og allmenningsstyret, og det er komme følgjande uttale frå Statskog:

Statskog skal i de tilfeller hvor det kan oppstå skade eller sår i naturen etter søknad om motorferdsel, gi en uttalelse før fjellstyret behandler søknader. Ellers oppfordrer Statskog til minst mulig motorferdsel i utmark. Statskog SF som grunneier innenfor Vestre Slidre statsallmenning, støtter opp om Vestre Slidre Fjellstyre sitt vedtak i sak 43/2021.

Det er og komme ei revidert felles uttale frå Valdres og Hallingdal flyklubb, der dei oppsummerer med følgjande:

Alternativ 1: (foretrukket løsning)

Start og landing med luftfartøy på Storfjorden tillates året rundt

Alternativ 2:

Start og landing med luftfartøy på Storfjorden tillates i den tiden vatnet er islagt

Dei oppgjer at dei gjerne bidreg til utforming/oppfølging av føresetnader dersom det vert eit positivt vedtak som alternativ 1 eller 2 syner. Dei meiner og det er viktig å oppretthalde moglegheita for heile Storfjorden, grunna varierande føre/vind/overvatn/skavlar m.v.

Bakgrunn for vedtak i sak 43/2021

Bakgrunnen for at tema om fly vart take opp, var at saka om uttale til motorferdsel for snøscooter også omfatta ei avklaring om bruk av El-motor på båtar i vatn der vanleg båtmotor ikkje er tillate. Dette etter ynskje om avklaring frå kommunen. I den samanheng var det naturleg å ta opp alle formar for motorferdsel i same sak, for å kunne sjå dei i samanheng.

Det vart ikkje gjennomført noko ekstern høyring, verken for snøscooter/el.motor for båt eller bruk av fly. Det å styre motorferdsel er noko ein rettigheitshavar kan gjere uavhengig av andre, og dette er ikkje eit forvaltningsvedtak det er klagerett over. Dette for å svare ut bakgrunnen for at ikkje flyklubbar vart kontakta – på lik line som andre organisasjonar for snøscooter/el motor.

No viser imidlertid denne saka seg meir omfattande enn først antake. Det er komme særsmale mange tilbakemeldingar frå flyklubbar/aktørar som nyttar småfly, sjølv om ein må anta at det er Valdres og Hallingdal flyklubb som nyttar området mest.

Det som fortsatt synes mest uavklara i denne saka, er korleis ein skal handheve/kontrollere på ein forsvarleg og god måte dette talet på flybevegelser som er sett til maks 6 flyturar pr uke. Dette då det ikkje finst noko offentlege kontroll-tiltak til dette.

Sumarbruk vs Vinterbruk

Det er ingen tvil om at landing med fly vil kunne påverke utøving av fiske – sett i samanheng med omsetningstal for statsallmenninga. Dette i mykje sterkare grad enn samanliknbare andre vatn.

Det kan og oppfattast som eit paradoks at det ikkje er tillate – eller ynskjeleg frå fjellstyret sin side å opne for El-motor på småbåt på andre vatn, då vert det lite samanliknbart å fortsatt tillate småfly på Storfjorden sumarstid.

Når det gjeld vinterbruk er det imidlertid ikkje lenger viktige argument i forhold til utøving av fiske i same grad som på sumaren. Ein kan dra ein parallel med at i teorien er det tillatt å lande med småfly for å isfiske, men det er ikkje tillat å reise ut på vatnet med snøscooter. I praksis er dette ikkje så samanliknbart i omfang, då det er vesentleg færre småfly enn snøscooter i privat eige.

Skule-flyging vs fritidsflyging

Det føreligg viktige argument om at det er viktig å oppretthalde moglegheita for å kunne trenne på ulike vatn med ulike forhold når det gjeld opplæringsflyging. Dette er meir viktig å sikre etter administrasjonen sitt skjønn enn rein fritidsflyging. Ein kan vurdere i eit vedtak å setje opplæringsflyging foran fritidsflyging, slik at dersom ein opner for noko landing, kan dette avgrensaast til opplæringsflyging i tråd med godkjente opplæringsplaner saman med instruktør.

Oppsummering:

Administrasjonen forheld seg lojal til fjellstyrets førre vedtak som inneber stopp i all flyging på statsallmenningsgrunn. Imidlertid har fjellstyret sjølv bede om ei utvida drøfting av dette tema, som vises i ovenståande tekst.

Dersom fjellstyret ynskjer å endre på førre vedtak i sak 43/2021, har administrasjonen følgjande grunngjeving for evt nytt forslag:

Med bakgrunn i innspel, samt avklaringar frå Luftfartstilsynet, kan fjellstyret vurdera å opne for skuleflyging etter godkjent opplæringsplan saman med instruktør vinterstid på Storfjorden. Ein bør i denne samanheng opne for heile Storfjorden grunna varierande landingsforhold, men all landing bør avklarast på SMS med fjelloppsynet i forkant. Det inneber at det uansett må sendast ein SMS før landing, detaljar rundt dette kan avklarast med lokale flyklubbar – også kva informasjon som er naudsynt for å ta stilling til dette. Evt misbruk rapporteres til fjellstyret som tek stilling til vidare handtering.

På denne måten unngår ein rein fritidsflyging, men opner for naudsynt opplæring som uansett er kontrollerbart i omfang grunna krav om SMS-varsling. Då kan ein heller ta opp att denne saka etter å ha vurdert omfanget etter nokre år, dersom ein ynskjer fleire endringar.

Eit slikt positivt vedtak kan vere følgjande:

Vestre Slidre fjellstyret endrer vedtak i sak 43/2021 ang start og landing med luftfartøy, der ein tillater start og landing vinterstid på Storfjorden. Dette gjeld berre for opplæringsflyging i tråd med godkjente opplæringsplaner saman med instruktør. Fritidsflyging er ikkje tillate. Fjelloppsynet varsles med SMS i forkant av kvar landing.

Fjellstyret er positiv til å drøfte enkelttilfelle av flylanding gjennom vanleg dispensasjonsbehandling ved reelle behov tilknytta lokal næringsutøving.

Dette oversendes kommunen for innarbeiding i lokal forskrift om motorferdsel.

Framlegg til vedtak:

Forslag under møtet:

Anne Berit Strømmen Strand

1: Oppretthalde vedtak 43/2021, av omsyn til landbruksinteressa med aktiv støling i området og tilgang til allsidige fritidsinteresser for allmennheten.

Åshild Reien

2: Endre vedtak 43/2021 for småfly, der ein fortsett tillett landing med fly heile året i ein prøveperiode på 2 år. I samarbeid med lokale flyklubber skal all landing registreres av lokal flyklubb (My PPR) og SMS til tlf fjelloppsynet/90921654 for kvar flybevegelse.

4 for forslag frå Åshild Reien

1 mot.

Vedtak:

Endre vedtak 43/2021 for småfly, der ein fortsett tillett landing med fly heile året i ein prøveperiode på 2 år. I samarbeid med lokale flyklubber skal all landing registreres av lokal flyklubb (My PPR) og SMS til tlf fjelloppsynet/90921654 for kvar flybevegelse.

Det er ikkje klagerett på dette vedtaket, då fjellstyret er rettighetshaver når det gjeld styring av motorferdsel.

Vestre Slidre fjellstyre den 20.06.2022

Kenneth Monsen
sekretær

Utskrift:
Berørte partar